

Veiledning fra ImF om ekteskap, skilsmisse og gjengifte




Kjærleiken skal bli kald i den siste tid, seier Bibelen, og i det store bildet må vi vel seie at det også gjeld ekteskapet i dag. Utviklinga i talet på oppløyste ekteskap har skutt fart frå 1970 til i dag. Vi snakkar om 1/3 av alle ekteskap i Norge, og i storbyane gjeld det opp mot 50%. Det er fleire sambuarar enn ekteskap, og det grunnleggjande tanken om at ekteskapet er ei livslang pakt ser ut til å vere på vikande front også innan kristne samanhengar. Ikkje minst av denne grunn, står det i ImF sine strategiar at vi skal arrangere kurs for ektepar med utgangspunkt i bedehusa og forsamlingane våre.

I 2011 gav ImF ut boka «Samlivsetikk og kristen tro» i samarbeid med andre lutherske organisasjonar og frikyrkjer, og denne boka (som vi stiller oss bak) kan lesast på imf.no. På grunn av ulike syn, er temaet om skilsmisse og gjengifte stilt ganske ope i den boka, og derfor ønskjer ImF å seie noko meir i dette kortfatta dokumentet.

Den bibelske læra om ekteskapet og seksuallivet er også den grunnleggande rettleinga om skilsmisse og gjengifte. Ekteskapet er livslangt og seksuallivet skal levast ut innanfor denne samanhengen.

Ekteskapet - ei guddommeleg skaparordning



Bibelen fortel oss at ekteskapet er ei guddommeleg ordning for livslangt og monogamt samliv mellom ein mann og ei kvinne. Guds ord er eintydig klart i synet på ekteskapet både i Det gamle testamente (GT) og Det nye testamente (NT).

1.Mos.1:27-28 «Og Gud skapte mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, til mann og kvinne skapte han dei. Og Gud velsigna dei og sa til dei: Ver fruktbare og vert mange, fyll jorda og legg henne under dykk ...»

1.Mos.2:24 «Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si og halda seg til kona si, og dei skal vera eitt kjøt.» Her finn vi ekteskapets tre sider som sider i ein trekant:

1. Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si (forlate, offentleg)
2. og halda seg til kona si, (halde seg til, det monogame)
3. og dei skal vera eitt kjøt. (vere eitt, det seksuelle)

John Stott har formulert det slik: «Ekteskapet er ei eksklusiv heteroseksuell pakt mellom ein mann og ei kvinne, innstifta og besegla av Gud, førebudd gjennom eit offentleg oppbrot frå foreldra, fullbyrda i den seksuelle einskap, levd ut i eit varig og gjensidig støttande partnerskap, og vanlegvis krona med born som ei gåve»

I tillegg er det viktig å vere klar over at ekteskapet mellom mann og kvinne seier noko djupt og vakkert om relasjonen mellom Gud og menneske. I Efeserbrevet 5:25 skriv Paulus: «*De menn: Elska konene dykkar, liksom Kristus elska kyrkjelyden og gav seg sjølv for han,*». Sjølv om dei to er sjølvstendige individ, er dei i eit samliv avhengige av kvarandre. Mannen er ingenting utan kvinna, og kvinna er ingenting utan mannen (1.Kor 7 og 11).

I Eden sette Gud mennesket til å dyrke og vakte hagen, og ekteskapet er som ein slik hage. Dersom vi ikkje sår det gode, veks det i staden opp ugras. Dersom vi ikkje vaktar, kjem det vonde utanfrå og vil øydelegge det gode. Derfor må alle ektefolk investere i å arbeide med ekteskapet sitt. Tek vi det for gitt, eller tillet at nedbrytande krefter kjem over «hagegjerdet», står dei beste ekteskap i fare.

Det offentlege ekteskapet

Ekteskapet startar når dei to har fått sett sitt personlege løfte om truskap inn i ein offentleg, juridisk samanheng. Når sambuarskap synes å vere akseptert også inn i kristne samanhenger, må vi halde fram at dette er i klar strid med Guds ord (sjå tillegg på siste side). Det greske ordet for ekteskap er det same som bryllup, og fleire andre uttrykk underbygger den same juridiske samanhengen. Mannen skal forlate far og mor, dvs flytte ut av ein fast sosial relasjon og flytte inn i ein ny. Dette er altså ikkje ei privatsak. Det sjette bodet talar om det same, for det skal hindre seksuelt samliv utan at det er rettsgyldig ekteskap. I GT var det også streng straff for å bryte seg inn i ekteskapet. Derfor er det ikkje sant når nokon hevdar at vigsel er ein menneskeleg tradisjon utan direkte tilknytning til Bibelen.

For oss protestantar er borgarleg vigsel like gyldig som kyrkjeleg vigsel, fordi det er ein institusjon for samfunnet, ikkje berre for kristne. Ein imam kan vie deg og kjærasten din i eit muslimsk land, og de er då rett vigde. I ein kyrkjeleg vigsel kombinerer ein likevel denne offentlege ekteskapsinngåinga med det å be om Guds velsigning over ekteparet. Som grunnregel uttrykker NT at berre fysisk død kan skilje det som Gud har bunde saman. Den attlevande er då fri til å gifta seg på nytt. (Rom. 7,1ff og 1.Kor. 7,39).

Eit sentralt avsnitt om skilsmisse

Matteus 19 er eit nøkkelaussnitt om skilsmisse. Jesus vert møtt av farisearane som vil freiste han. Lukas 16:18 og Matteus 5:32 viser at Jesus tidligare har talt om dette, og no kjem dei tilbake. Dei vil finne noko å klage Jesus for.

Matteus 19:1-11

1 Og det hende då Jesus hadde enda denne talen, då drog han bort frå Galilea og kom til dei traktene i Judea som ligg på hi sida av Jordan.

2 Og mykje folk fylgde han, og han lækte dei der.

3 Farisearane kom då til han for å freista han, og dei sa: Er det lov for ein mann å skilja seg frå kona si av kva grunn som helst?

4 Han svara og sa: Har de ikkje lese at han som skapte dei, frå opphavet skapte dei til mann og kvinne,

5 og sa: Difor skal mannen forlata far sin og mor si og halda seg til kona si, og dei to skal vera eitt kjøt?

6 Så er dei ikkje lenger to, men eitt kjøt. Difor, det som Gud har knytt saman, det skal ikkje eit menneske skilja.

7 Dei sa til han: Kvifor har då Moses fastsett at ein skulle gje kona skilsmålsbrev og skilja seg frå henne?

8 Han sa til dei: Fordi de har så hardt eit hjarta, tillét Moses at de skil dykk frå konene dykkar. Men frå opphavet var det ikkje slik.

9 Men eg seier dykk: Den som skil seg frå kona si av nokon annan grunn enn hor, og gifter seg med ei anna, han driv hor. Og den som gifter seg med ei fråskild kvinne, han driv hor.

10 Læresveinane sa til han: Har det seg slik med mann og kone, då er det ikkje godt å gifta seg!

11 Men han sa til dei: Alle fattar ikkje dette ordet, berre dei som det er gjeve.

Det farisearane vil vite av Jesus er kva standpunkt Jesus har i debatten mellom jødane ut frå 5.Mos 24 – om skilsmissebrev: «*Dersom ein mann tek seg ei kone og gifter seg med henne, og han ikkje likar henne lenger, fordi han har funne noko hjå henne som byd han imot, då kan han skriva eit skilsmålsbrev og gje henne i handa og senda henne bort frå huset sitt*».

På Jesu tid var det to sterke røyster som rettleia om skilsmisse på ulikt vis. Rabbi Schammai meinte visst at det at noko «byr mannen imot», handla om ureinskap på det seksuelle område. Rabbi Hillell var liberal på skilsmissegrunner også for småting, og han var sannsynlegvis mest populær, for det var etter alt å døme ein veldig lempelig praksis mellom jødane. Når farisearane kjem til Jesus, vil dei gjerne vite kvar han stod i denne striden.

Jesus svarar veldig overraskande, for han vel ikkje side i debatten. Det som nemleg var felles for Hillell og Schammai var at det ikkje var noko problem med skilsmisse/gjengifte, og berre graden av grunner var skilnaden mellom dei. Jesus går heller tilbake til skapinga. Det som Gud har knytt saman (bokstaveleg betyr det «sett i same åk») skal ikkje eit menneske skilje. Sjølve skilsmissen er altså eit brot mot det 6.bud. Når to har gått saman i ekteskap på lovleg vis, er det Gud som har knytt dei saman. Det er forbode for menneske å øydelegge det, og berre ved døden kan det skje.

Ingen treng tvile på kva Gud vil. **Malakias 2:15-16** seier: «... *Mot ungdomskona di må du ikkje vera utru. For eg hatar skilsmål, seier Herren, Israels Gud.*»

Katolsk syn: «*Den katolske kirke, som anser ekteskapet som et sakrament, hevder prinsipielt at et ekteskap ikke i egentlig mening oppheves ved skilsmisse, men står ved makt til en av partene dør. Skilsmisse er bare å anse som en separasjon og berettiger ikke til gjengifte, hverken for den skyldige eller for den uskyldige part*» (Bibelleksikonet). Der hor er inne i bildet, *kan* dei flytte frå kvarandre. Ordet *skal* i Matt.19:6 vert oversett med *kan*, altså mennesket *kan* ikkje skilje.

Reformasjonen: «*Protestantiske teologer har for det meste hevdet det syn at den uskyldig fraskilte har adgang til å inngå nytt ekteskap. Den augustanske bekjennelse innrømmer bl.a. rett til dette*». (Bibelleksikonet). Reformatorane meinte at ekteskapet høyrer til det verdslige regimente (det borgarlege), og det er det vel brei semje om i dag også. Dei dreg vers 6 dit at mennesket *skal* ikkje, men *kan* oppheve ekteskap.



Ekteskapet er basert på offentlege løfte, det monogame forhold, og seksuelt samliv (jfr trekanten ovanfor). Dei drog også inn eit moment om at ekteskapet ikkje skal brytast, men når ekteskapet faktisk var brote, måtte det finnast ein måte for menneske å gå vidare. Det må også seiast at det er usemje i denne sak i den protestantiske del av kristendomen. Mange protestantar har eit meir restriktivt syn enn det reformatorane gav uttrykk for, og vi talar derfor om det «gammal-lutherske syn» og det «restriktive syn». Innan ImF har begge syn vore representert.

Skilsmisse vart forordna av Moses «*for dei harde hjarto si skuld*», seier Jesus (Matt.19,3ff). Det er frå starten slik at Gud har forbode menneske å bryte ekteskap, men på grunn av dei harde hjerter skjer det, det vil seie den lave moralske standard blant folket. Jesus erklærer den mosaiske skilsmisseforordninga som ei midlertidig innrømming til mennesket sin syndige natur, og denne hadde til hensikt å redusere følgjene av synd. Derfor må den borgarlege lovgiving ta høgde for at skilsmisse kan skje. For at enda verre og vondare ting ikkje skal skje, tillèt lova at dei kan skiljast.

Ulike syn på skilsmisse og gjengifte

Vi finn to openberre grunnar til skilsmisse i NT. Den første les vi om i Matteus 19:9 «*Men eg seier dykk: Den som skil seg frå kona si av nokon annan grunn enn hor, og gifter seg med ei anna, han driv hor. Og den som gifter seg med ei fråskild kvinne, han driv hor.*» Hor vil vere brot på ekteskapet. Dersom den andre ektemaken i ein slik situasjon søker skilsmisse, er den truande fri til å la dette skje. Det er den som er utru som har ansvaret for at heimen vert oppløyst.

Så kjem desse orda frå Jesus som det er ulike meiningar om: For hors skuld. I Matteus 5:32 seier Jesus noko liknande: «*Men eg seier dykk: Kvar den som skil seg frå kona si av nokon annan grunn enn hor, han valdar at ho driv hor. Og den som gifter seg med ei fråskild kvinne, han driv hor.*». Jesus forbyr skilsmisse i generell meining, men spørsmålet er likevel korleis vi skal stille oss når ekteskapet likevel er brote. Ved hor er noko av det som konstituerer ekteskapet blitt øydelagt, og skilsmisse vert ein logisk utgang. Ved slike tilfelle må ein gjennom rådgiving forsøke om tilgjeving og gjenoppretting er mogleg.

Der dette ikkje er mogleg, tillèt altså Jesus skilsmisse. Korleis skal vi så forstå neste setning i vers 9? Her skiljast vegane. Meiner Jesus at hor ligg i dette at ein skil seg, eller også at ein giftar seg med ein annan? Dersom nokon vert sviken ved hor, har han då lov til å gifte seg på nytt?

Dei som har eit restriktivt syn, seier at den uskuldige part ikkje har lov til å gifte seg på nytt. Reformatorane var altså ikkje så strenge. Den som vert sviken ved hor, gav ein rett, men ikkje anbefaling, til gjengifte. Når bibeltru kristne såleis kjem til såpass ulike vegval her, må ein tolke dette i lys av dei klare bibelord, så som **Lukas 16:18** «*Kvar den som skil seg frå kona si og gifter seg med ei anna, driv hor. Og den som gifter seg med ei kvinne som er skild frå mannen sin, driv hor.*».

Dei med eit restriktivt syn vil seie: «Her er ikkje unntaket tatt med ein gong, så derfor er det klart at det ikkje er tillate å gifte seg på nytt. Det vert feil å bruke Matteus 19:9 for å tåkelegge det som Lukas 16:18 er så klare på».

Dei med eit mindre restriktivt syn vil gjerne argumentere slik:



1. Om vi skal velje ein så restriktiv praksis at ein forbyr gjengifte for den uskuldige, må ein ha sterke og utvetydige grunnar for dette. Matteus 19:9 og parallelltekstane hos Markus og Lukas gjev ikkje slike grunnar, for dei talar om dei som *aktivt* skil seg. Dei talar ikkje noko om den som *passivt* er offer for dette.
2. Vi må sjå på bakgrunnen for Matteus 19:9. Ifølgje Lova var konsekvensen for hor ikkje mindre enn dødsstraff, og derfor var *døden* grunn for gjengifte. Dødsstraff for hor var ikkje praktisert på Jesu tid, og vi veit jo av Jesu tale og møte med menneske at han forkynte omvending og nåde for dei som hadde levd i hor (Johannes 4:1ff og Johannes 8:1ff). Det er urimeleg at ei mildare handtering av hor for den skuldige skulle føre til at den uskuldige skulle frå strengare dom av Jesus.

Den andre grunn for skilsmisse i NT, er ekteskap med ein som ikkje er kristen, og er omtalt i **1.Kor 7:13-15**:

13 Og dersom ei kvinne har ein vantruande mann, og han samtykkjer i å bu hjå henne, då skal ho ikkje skilja seg frå han.

14 For den vantruande mannen er helga ved kona si, og den vantruande kona er helga ved den kristne broren. Elles ville då borna dykkar òg vera ureine, men no er dei helga.

15 Men dersom den vantruande skil seg, så lat han gjera det. Ein kristen bror eller ei kristen syster er ikkje trælunden i slike ting, for Gud kalla oss til fred.

Her er det altså snakk om blandingsekteskap, og tanken er den at dersom den eine ektemaken har vorte kristen, og den andre av den grunn ikkje ønskjer å halde saman av den grunn, så skal den kristne tillate den andre å gå.

Vi må her understreke at det *må* sjølvstundt ikkje bli skilsmisse i nokon av desse to tilfella. Når det er snakk om utruskap, er det beste om synd vert erkjent og tilgitt. I blanda ekteskap skal den truande med sin ferd prøve å vinne ektemaken for Gud.

Vi må også kommentere vers 10 og 11 i same kapittel:

10 Til dei som er gifte, har eg dette bodet, ikkje frå meg sjølv, men frå Herren: Ei kvinne skal ikkje skilja seg frå mannen sin.

11 Men er ho skild frå han, skal ho anten framleis leva ugift eller forlika seg med mannen. Og ein mann skal ikkje skilja seg frå kona si.

Dei med eit restriktivt syn vil hevde at dette seier klart at den skilde skal enten leve ugift eller forlike seg med ektemaken sin. Gjengifte vert berre ei indirekte tolking av Matteus 19:9, og korkje Matteus 5:32 eller 1.Kor.7:10 nemner noko unntak. Når Jesus talar og seier nei til gjengifte, tek han ikkje med unntak for visse skilsmissegrunnar. Det er derfor ikkje haldbart å avgjere ei så alvorleg sak på ein indirekte skriftlogikk, og gjengifte er såleis eit brot med Guds vilje.

Reformatorane forstod derimot orda i 1.Kor.7:10-11 i lys av Matt 19:9, det vil seie at vi her finn den generelle regel, medan unntaka ikkje vert omtalt i desse to versa. Den generelle regel er at den skuldige skal forlike seg med den uskuldige. Slik forstod dei også vers 15: «*Men dersom den vantruande skil seg, så lat han gjere det. Ein kristen bror eller ei kristen syster er ikkje trælunden i slike ting, for Gud kalla oss til fred*». Ein vart ståande fritt frå lova, fordi det som konstituerer samlivet og det offentlege

fundamentet under det var oppheva, men utan at det var den truande si skuld, og då skulle den truande ha fridom.

Når NT omtalar to konkrete tilfelle der ein opnar for skilsmisse, må vi også vere klar over at det er andre situasjonar (t.d. rusmisbruk, situasjonar der liv og helse for ein sjølv eller borna er i fare) at samlivsbrot og fråflytting kan syne seg som einaste utveg. Ofte kan ein finne støtte for det i andre «overordna» skriftord, t.d. bodet om at ein skal ikkje slå i hel.

Både det restriktive og reformatoriske synet på gjengifte har altså vore representert i ImF, og slik er det framleis. Likevel vil også dei som opnar for gjengifte for den uskuldige part, seie at opninga for det er svært trong. Ein vesentleg grunn er at ei slik handling vil gjere det umogleg å forsonast med ektefellen om ein seinare skulle ønskje det. Samla sett finn vi det likevel vanskeleg å seie at tekstane *eintydig* forhindrar gjengifte for den uskuldige part.

Den enkelte sitt personleg val og forsamlinga sine omsyn

Ofte er det uråd for den kristne forsamling å vite objektivt kven som er den uskuldige part i eit samlivsbrot. Derfor må vi seie at det er den det gjeld som til sjuande og sist (i bøn og bibellesing) må felle dom over sitt eige liv om ein er den uskuldige part eller ikkje. Ein må gjerne få råd av kristne leiarar og sjelesørgjarar, men det er den enkelte som må kome til ei løysing som samvitet kan leve med innfor Gud.

Det må her understrekast at ein ikkje bør ha eit lettvint forhold til omgrepet «uskuldig», spesielt ikkje for dei som ser eit oppløyst ekteskap frå utsida. Ein sjelesørgjar må ikkje vere for rask med å dømme kven som er den skuldige i ei konflikt, og heller ikkje for rask til å påpeike at det alltid finnast to sider av ei sak. Likevel må det ikkje vere tvil om at den som bryt ut av eit ekteskap er den som ber det tyngste ansvaret for at pakta vert broten.

Medlemene i det kristne fellesskapet kan altså ikkje «granske hjarte og nyrer», men må førehalde seg til det ein ser utanfrå. Det avgjerande for fellesskapet er at dei skilde får hjelp til å sjå sin situasjon i eit bibelsk perspektiv og lever etter Guds ord i framtida. I utgangspunktet er desse velkomne i det kristne fellesskapet som før. I kraft av det allmenne prestedømet har dei vitnerett på linje med alle andre.

Ved dei tilfelle der det er relativt klart kven av partane som braut ekteskapet, for eksempel ved utruskap, er situasjonen noko anna. Då må dei som er sett til å følgje opp dei to skilde, handtere dei to partane sin situasjon noko ulikt:

- *Den som vart svikta* må møtast med omsorg og støtte. Ingen i det kristne fellesskapet må legge stein til børa ved å sette avgrensingar for kva han eller ho kan vere med på i det kristne fellesskapet.
- *Den som ved utruskap braut ut frå ekteskapet* er også velkomen til møta for å høyre Guds ord. Men det er viktig at vedkomande får hjelp til å innsjå det som er gale og kva konsekvensar dette kan føre med seg i forhold til den som vart sviken, til den truande forsamling, og djupast sett i forhold til Gud. Jesus har i Matteus 18:15ff vist oss korleis ein skal gå fram i slike tilfelle. Dersom vi ikkje

praktiserer dette, vil uoppgjort synd få en smitteeffekt også på resten av forsamlinga.

Uansett kva som ligg bak ei skilsmisse, må den kristne forsamling halde fram at den som angrar og vedkjenner si synd, er i trua på Jesus tilgitt og står rein innfor Gud. «*Men dersom vi ferdast i ljuset, liksom han er i ljuset, då har vi samfunn med kvarandre, og Jesu, hans Sons blod reinsar oss frå all synd.*» (1.Joh. 1:7) Når Bibelen seier at Jesu blod reinsar frå all synd, så betyr det all synd, ikkje noko mindre. Den vertikale relasjon er såleis gjenoppretta.

På det horisontale (mellommenneskelege) plan kan det likevel verte vanskeleg og komplisert når menneske føler seg såra og svikta. Særleg vanskeleg vert situasjonen om den ektefellen som er sviken finn det vanskeleg å vere i nærleiken av den som sveik. Slik kan ei forsamlinga bli stilt på val mellom dei to, og det naturlege vil vere at den som har ei særleg ansvar for skilsmissen, må oppfordrast til å opptre audmjukt og tilbaketrekt for ei tid. Den som er sviken må ikkje få kjensla av at forsamlinga vel den andre ved å forlange at alt skal vere tilgitt og gløymt.

Ei forsamling eller ein organisasjon må ta omsyn til tillit

Vi ønskjer å gje eit uttrykk for at menneske som kjem i samlivskrise, på ein særleg måte skal vite at dei framleis er velkomne i våre forsamlingar. Vi kjenner eksempel på at ei samlivskrise som endar med skilsmisse kan verte til ein avskjed med den kristne forsamlinga, og det ønskjer vi ikkje skal skje. Derimot håper vi det kristne fellesskapet vert ein viktig støtte i ein vanskeleg livssituasjon.

Sjølv om enkeltmenneske på Bibelens grunn kjem til ulike konklusjonar i spørsmålet om skilsmisse og gjengifte, må likevel ei forsamling og ein kristen organisasjon ta omsyn til heilskapen, og derfor ha meir objektive retningslinjer. Som nemnt ovanfor, er det mest uråd for utanforståande å dømme kven som er «den uskuldelege part». Dei to ektefellene kan ha to ulike versjonar av kva som gjorde det umogleg å fortsette ekteskapet. Av denne grunn, og fordi forsamling/organisasjon har eit ansvar for å bygge opp synet på ekteskapet som ei livslang pakt mellom mann og kvinne, har vi restriksjonar i stillingar som har leiarfunksjon i seg. Dette gjer vi fordi Bibelen set særlege krav til kristne leiarar (t.d 2.Tim 3:1ff, Titus 1:5ff). I verdidokumenta våre kjem denne spenninga fram, og skuledokumentet seier t.d. dette om forbildefunksjonen:

Når ein likevel skal ha ein einsarta praksis på dette området, seier ImF normalt nei til å ha gjengifte i stillingar som inneber åndeleg rettleiing og har ein tydeleg karakter av førebilete i seg. Difor må skuleeigar gjere det klart for alle tilsette at gjengifte vil føre til at arbeidstilhøvet vert vurdert, og normalt vil det opphøyre.

Handbok for Bedehuset seier noko meir: «*De som skal stå i åndelig tjeneste som forkynnere, ledere og styre i bedehuset og indremisjonen, må ha tillit hos de troende. Alle som lever i et oppgjort liv i syndenes forlatelse og vilje til troskap mot Guds ord, de må inkluderes på en omsorgsfull måte i forsamlingen og ved nattverden. Det betyr ikke at alle har krav på eller bør settes til alle tjenester*».



Korleis skal vi stille oss til dei som faktisk er skilt og gift på ny?

Ein sviken eller forlaten ektefelle som gifter seg att, kan ha gjort dette etter alvorleg ettertanke og råd frå kristne leiingar som forstår orda om gjengifte slik reformatorane gjorde det. Handbok for Bedehuset seier dette:

«Gjengifte gir uklart forbilde og vanskeliggjør veiledning om ekteskapets ukrenkelighet. Men det hindrer likevel ikke at i konkrete tilfeller der de det gjelder, har bekjent sine nederlag, og de har inngitt tillit med det nye livet etterpå, så kan de vanskelig hindres dersom forsamlingen vil gi dem ny tillit til visse lederverv i kraft av nådegave og kall.

Indremisjonsforbundet vil følge en varlig vei. Våre retningslinjer understreker at det ikke er naturlig å tilsette gjengifte i åndelige lederstillinger i misjonen som forkynnere og ledere. Det er heller ikke naturlig å velge slike til tillitsverv med en tydelig utadrettet ledertjeneste. I den lokale forsamlingen vil dette normalt gjelde ansettelse i åndelig relaterte stillinger eller tillitsvalgte som formenn, nestformenn eller medlemmer av det utpekte åndelige lederskap. Derimot vil en med de føringer om åpenhet, troverdighet og tillit som er nevnt ovenfor, kunne vurdere å gi gjengifte tillit som styremedlemmer og andre åndelige oppgaver i arbeidet.

Det er viktig å understreke at dette ikke er en innlysende klar bibelsk inndeling. Det er derimot et forsøk på varlig aktualisering og anvendelse av troskap mot Guds ord i omsorg for mennesker og forsamlinger. Det er også viktig å understreke at den begrensing som her anføres overfor gjengifte, ikke er en skepsis til deres kristne bekjennelse, dom eller nedvurdering av deres kristne liv. Vi er som kristne alle i samme nådestand. Vi er alle tilgitte syndere.»

Nokre må kallast til omvending.

Dei som aktivt har søkt ut av ekteskap for å finne ny ektefelle, har gjort seg skuldig i hor. Skal dei reknast som kristne, må dei søkje omvending og frelse. Det kan kanskje høyrest hardt ut, men brot med synd handlar om omvending frå synd.

1.Kor 6:9ff *« Veit de ikkje at dei som gjer urett, ikkje skal arva Guds rike? Far ikkje vill! Verken dei som lever i hor, dei som dyrkar avgudar eller dei som bryt ekteskapet, verken menn som ligg med menn eller lèt seg liggja med, verken tjuvar, grådige, drankarar, spottarar eller ransmenn skal arva Guds rike. Slike har somme av dykk vore. Men no er de vaska reine, de har vorte helga, de er gjorde rettfærdige i Herren Jesu Kristi namn og i vår Guds Ande».*

Når vi les alle desse versa i samanheng, ser vi at synd på det samlivsetiske område står saman med mindre synlege synder, men alt må ein omvende seg frå skal ein vere eit Guds barn. Når det har hendt, skal vi vere tydelege på at ein finn nåde ved sann omvending, og takast opp i den kristne forsamling.

Dersom vedkomande innrømmer å ha handla i strid med Guds vilje, og ber om tilgjeving for dette, bør det ikkje vere noko som hindrar at vedkomande vert inkludert i det kristne fellesskapet att. Slik som inngåing av ekteskap er ei offentleg handling, bør ein vere open for leiarskapet i eit fellesskapet om det som gjekk galt. Ei anna sak er at vedkomande ikkje kan krevje tillit, slik vi nemnde ovanfor.

Er nye ekteskap ugyldige?

Nokre vil hevde at nye ekteskap uansett er ugyldige, og at gjengifte må bryte opp for å forlikast med sin første ektefelle. Vi vil vere klar på at dei som har inngått nytt ekteskap, ikkje skal skilje lag med sin nye ektefelle. Her meiner vi det er rett å peike på 1.Kor 7 som seier at einkvar skal bli verande i det kall han var då han vart kalla:

1.Kor 7:18-20 «*Var ein mann omskoren då han vart kalla, skal han ikkje prøva å gjera det om. Var ein mann uomskoren då han vart kalla, skal han ikkje la seg omskjera. Det avgjerande er ikkje om ein er omskoren eller uomskoren, men at ein held Guds bod. Kvar og ein skal bli verande i det kallet han hadde då han vart kalla*».

Kva med nyfrelste?

Kva skal vi seie om nyfrelste som har ei tung bagasje på det samlivsetiske område? Nokon vil vektlegge at om Gud har tilgitt og gløymt synda, då skal ikkje vi huske på den, og halde den mot ein som kjem for å gifte deg att. Bibelen seier jo: «*Derfor, om nokon er i Kristus, då er han ein ny skapning, det gamle er forbi, sjå, alt er vorte nytt*» (2 Kor 5,17). Vi kan ikkje blande lov og evangelium, og det gjer vi dersom fortida skal ha konsekvensar for det nye livet. Vi må ikkje gløyme at det florerte med ulike samlivsetiske utfordringar i det samfunnet som Paulus og dei andre apostlane forkynte inn i, og ingen var av den grunn diskvalifisert til å starte på nytt med blanke ark på noko område. Fortid er fortid, fordi ein før ikkje hadde Den Heilage Ande då ein gjorde ukloke val, og såleis vert ein for alvor først ansvarleggjort innfor Gud i det nye livet som er oppstått.

Andre vil også her innta ei meir restriktiv linje: Det er sant at synda er tilgitt og gløymd når menneske søker Gud i anger og tru. Men som skaparordning har ekteskapet først og fremst ei mellommenneskeleg side. Spora etter eit tidlegare ekteskap er der også hos ein som har blitt kristen, og dette kan ein ikkje berre springe frå. Ein har heller inga samfunnsmessig rett til det, like lite som ein kan springe frå økonomisk gjeld ein måtte ha. Overfor Gud kan vi seie at alle frelste står som om vi er «utan ei fortid». Men på skaparplanet – overfor kvarandre – ber vi alltid fortida og spora med oss, og desse må vi førehalde oss til. Med omsyn til opning for eit nytt ekteskap, ser ein derfor her ingen prinsipiell skilnad mellom om skilsmisse fann stad før eller etter omvendinga.

Dette er altså også eit etisk dilemma som det er vanskeleg å konkludere kategorisk på utan å relatere det til konkrete tilfelle. Når menneske som lever i sambuarforhold omvendar seg, bør vi generelt hjelpe dei til å verte gifte, slik at ein ikkje held fram i eit samliv som er i strid med Guds ord (dette gjeld sjølv sagt også sambuarar som ikkje har vore gjennom skilsmisse tidlegare). Særleg naturleg er det å tilrå nytt ekteskap når det er snakk om sambuarar med felles barn. Kvar situasjon må likevel vurderast for seg, og det er slett ikkje slik at ekteskap er eit klokt råd i alle tilfelle. Uansett utfordrar slike situasjonar oss til å møte nyfrelste på ein varm og inkluderande måte. Om nokon vel å ikkje omvende seg fordi kostnadane «på den andre sida» vert for store, har vi i alle fall feila i kommunikasjonen.

Skal skilde ha tilgang til vigsel i den kristne forsamling?

Ut frå det som her er skrive, vil ein også i våre samanhengar, og i sjelesorga sitt rom, kunne møte forståing for at nokon ønskjer å gifte seg på nytt. Det kan også hende at dette kan forsvarast ut frå Guds Ord. Dette inneber likevel så mange usikre faktorar,

at det klokaste er at den kristne forsamling ikkje medverkar til dette. Det vil også av fleire opplevast problematisk at ein fleire gonger står ved alteret og lovar å halde lag innfor Gud. ImF Trossamfunn seier av desse grunnar også nei til å vie fråskilde. Derfor må dei som ønskjer å gå denne vegen, gå den siste biten sjølv. Dette vert gjort ved å anbefale borgarleg vigsel, noko vi ovanfor har nemnt som fullverdig vigsel. På den måten får den kristne forsamling fortsatt løfte fram Guds standard for ekteskapet, samtidig som den ikkje set seg til domar over dei som med sitt samvit bunde av Guds Ord finn det rett å gifte seg igjen. Forsamlingsleiingar og/eller eit åndeleg leiarskap som deler reformatorane sitt syn, vil likevel kunne be for eit ektepar i ei enkel samling som ramme.

Einsleg stand

Vi gjer vel også å framheve den einslege stand som noko positivt. Nokre vel å leve einsleg, for andre er det ufrivillig. Einslege har heilt klart andre muligheter til å verke til velsigning for sine medmenneske enn dei som er gifte. Ekteskapet skal derfor ikkje idealiserast på ein slik måte at einslege kjenner seg tilsidesett.

Matt 19:11-12 Men Jesus svara: «Dette er noko som ikkje alle kan ta til seg, men berre dei som det er gjeve. For somme lever ugifte fordi dei er fødde uskikka til ekteskap, andre fordi menneske har gjort dei uskikka til det; men det finst òg dei som sjølve har gjort seg uskikka til ekteskap for himmelriket skuld. Lat dei ta det til seg, dei som kan.»

Når livet ikkje er rettferdig

Vi kan ikkje avslutte eit slikt dokument utan å nemne at det alltid vil vere situasjonar som vil opplevast som urettferdige, og det er ikkje vanskeleg å finne døme på det.

Ein person kan ha mange og lange sambuarforhold bak seg, vert ein kristen, giftar seg, og det er i utgangspunktet ingen avgrensingar på kva for leiaroppgåver i den kristne forsamling vedkomande kan gå inn i. På den andre sida finn vi unge som går ifrå kvarande etter eit kort ekteskap. Dei vart gjerne pressa til ekteskap av foreldra då ho vart gravid, eller den eine viser seg å vere totalt uansvarleg til å leve i forpliktande forhold. Etter nokre år, gjerne etter ei omvendning, startar livet på nytt med ny ektefelle, men ein møter avgrensingar i leiaroppgåver i den kristne forsamling. Er dette rettferdig?

Vi må erkjenne at situasjonar kan oppstå som opplevast urettferdig i handsaminga av skilde, ikkje minst samanlikna med dei som har vore tidlegare sambuarar. Likevel må vi rettleie ut frå den status som Bibelen gir ekteskapet som ei livslang pakt, og har alle eit ansvar for å gjenreise synet på ekteskapet som den gode ordning Gud har gitt for samliv mellom vaksne og barns oppvekst. Dette må vi gjere samstundes som vi viser omsorg og kjærleik overfor dei som har opplevd ei samlivsbrot.

Oppsummering

Det er utfordrande å lage ei oppsummering, fordi enkelte berre les denne, og misser dei nyansane og grunngevingane vi har gitt i dokumentet. Når vi skal rettleie i etiske spørsmål, må vi gjere det ut frå hovudlinjene. Den som skal seile langs kysten, må lære seg kvar leia er, og halde seg til den. Det er ei umogleg oppgåve å pugge alle tusener av skjær som finst, og så prøve å styre utanom dei heile tida. Slik må vi også

tenkje om skilsmisse og gjengifte. Det er vår oppgåve å halde fram kvar leia går i det som er Guds gode vilje for ekteskap og samliv. Såleis må vi nemne dette:

1. Ingen ærleg lesar av NT bør vere i tvil om at vi her finn ei svært restriktiv haldning til skilsmisse og gjengifte. Når vi les læresveinane sin reaksjon i Matteus 19:10, forstår vi at budskapet frå Jesus er radikal: «*Læresveinane sa til han: Har det seg slik med mann og kone, då er det ikkje godt å gifta seg!*» Det er viktig at dei som skal gifte seg, er klar over at ekteskapet er ei livslang pakt som ikkje skal brytast.
2. Når nokre ektepar likevel opplever at ekteskapet gjekk seg på eit skjær, er ein nøydd til å handsame kvart enkelt tilfelle for seg. I utgangspunktet skal dei som har gått frå kvarandre møte ei open og inkluderande haldning frå den kristne forsamling. Der det er openbart at den eine må bere ansvaret for skilsmissa, må vedkomande kallast til oppgjer, slik Jesus viser oss i Matteus 18:15ff.
3. I ImF vil ein møte både dei leiarane som seier konsekvent nei til gjengifte, og dei som opnar for gjengifte der det har vore ei «gyldig» skilsmisse. Ein bør uansett vere atterhaldande med å tilrå gjengifte, ikkje minst fordi det stengjer for at dei som gjekk frå kvarandre kan kome saman att. ImF vil generelt praktisere ei restriktiv linje for sine leiarar og forkynnarar, då ein vektlegg det NT seier om kravet til tilsynsmenn og leiarar. Når det gjeld åndelege oppgåver ut over det, vil det alltid handle om vurderingar av kva type teneste det er snakk om, og den tilit som er bygd til den som er skilt og eventuelt gjengift. Slike vurderingar må eit åndeleg leiarskap gjere, utan at det skal oppfattast som skepsis til kristen vedkjenning eller nedvurdering av enkeltmenneske sitt kristne liv. Dette handlar om å ivareta enkeltmenneske i sårbare livssituasjonar, samtidig som vi har til å oppgåve å styrke ekteskapet som bibelsk ordning og samfunnsordning.

